

TEMA: Våre henders verk ④10

KART: ④443

Møvik

«STRILEDRAKTA»

GUNVOR INGSTAD TRÆTTEBERG, som utforska draktskikken på Sotra i mellomkrigstida, kom til Fjell første gong i 1936. Der møtte ho kvinner som enno gjekk i den gamle drakta:

«Jeg husker at om fredagene når øygardsbåten la til Zuckerhuskaien, da sto det tett i tett med små rømmekoller på dekksluken; og så kom kvinnene fra Fjell og Sund over landgangen i stakk og blåhue. På ryggen bar de kiper nesten like høye som dem selv. I hver sto 10–20 trebunker med rømme som de skulle levere til familier i byen. Det var en malerisk kvinneflokk. Og den drakten de bar svarte omtrent til den som embeds- og borgermadammene i Bergen brukte for 300 år siden, etter hollandsk og nord-tysk mote».

«Det var en fast og uttrykksfull kledning. En høy blåhue føyet seg om ansiktet med fiolett kvaring og hvitt lin innunder, mens en tung, vid rynkestakk og snever trøye ga skikkelsen tydelig silhuett. Drakten virket høytidelig med de store mørke flater. Men fargeløs var den ikke, for når konene tok overtroen av så lyste det i røde livstykker og sterkt grønne strikke-ermer».



Helgekledde koner frå Landro kring 1937.



Krottinga i stova frå Li, som no ligg lagra, syner alderdommelege motivtradisjonar.



Koleragravstadene i Hordaland ligg oftast i utmarka, som her på Møvik. Ved toppen av Bildøybakken er det ein tilsvarende gravstad omhegna av steingard og høge graner.

Vinteren 1849 vart den fattige Fjell kommune nøydd til å leggja pengar i nye gravstader, MØVIK og BILDØYDALEN, på grunn av koleraepidemien som herja. 28. mars gjorde formannskapet vedtak om «at indgå til Hans Majestet Kongen med underdandigst ansøgning om at faa bevilget et laan stort 500 spesiedaler...»

Dei store infeksjonssjukdomane, og først og fremst kolera, vart ei mare for det 19. hundreåret. Kolera hadde opphav i India og synte seg første gong i Europa i 1817. Den andre store epide-

mien kom i 1832. I 1848 kom den tredje, denne gongen med båt frå England. Epidemien herja frå Gulen ved Sognefjorden til Egersund. Frå Bergen spreidde sjukdomen seg til bygdene ikring. Han kom òg til Espevær på Bømlo, midt under sildefisket i 1849, og vart derifrå spreidd vidare med fiskarane.

Dei førebyggjande tiltaka mot kolera var mellom anna å peika ut høvelege område for gravstader. Det er svært få eksisterande koleragravstader i landet utanom Hordaland (①174, ②12). □

KROTASTOVA FRÅ LI

I 1981 vart det rive ei gamal lemstove på LI. Utvendig var ho å sjå til som ei av dei mange lemstovene frå 1800-talet. Men innvendig inneheldt denne bygningen spor etter ein kulturtradisjon av dei mest sjeldsynte i desse bygdene. I den eine av dei to stovene var veggene prydd med store, geometriske figurar; konsentriske ringar med prikkar og tverstrekar – figurar som kallar fram assosiasjonar til motiv frå ein heilt annan tidsalder.

Sjølve tradisjonen med å «krota» geometriske figurar på tommeret i dei gamle stovene har nok ikkje vore sjeldsynt i samtida. Dette har vore ein vanleg skikk gjennom mange hundreår; å vaska og pynta stovene til bryllaups og til høgtider som jul og jonsok. Taket i dei sotsvarte røykstovene var kvita med ei kalkblanding av vatn og skjelsand eller kritt. Også veggtoammeret kunne få denne handsaminga, men det var vanlegare å pynta tommerstokkane med geometriske bordar av figurar rita inn med kvit krittivelling – figurar henta frå motivrikdomen i åklevevinga (②18). Vi kjenner denne tradisjonen både frå Hardanger, Voss, Sunnhordland og Nordhordland, men denne stova på Sotra syner at tradisjonen nok har hatt større omfang og fleire mønstervariantar enn vi tidlegare har visst om (③300, ③370, ③372). For figurane i stova på Lie fører tankane våre lenger bakover enn mellomalderen, utan at vi i dag kan våga å ha ei sikker meining om kor gammalt arvegods vi har å gjera med her.